

ØyVAR AS

Lonavegen 20, 5353 Straume

Telefon: 56 31 59 30

Vakttelefon: 917 29 717

postboks@oyvar.no

www.oyvar.no

SIDE 1

Dette gebyrregulativet er vedteke av kommunestyret i Øygarden kommune den 17.12.2020 med heimel i lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg og forskrift 1. juni 2004. nr 931 om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta) § 16-1 andre ledd, jf. forskrift om vass- og avløpsgebyr i Øygarden kommune, vedteken av kommunestyret den 17.12.2020.

Regulativet gjeld frå den 01.01.2021.

Alle gebyrsatsar er inkl. mva.

AREALBEREKNING

Bruksareal (BRA) blir berekna med grunnlag i NS 3940, med dei presiseringane som går fram av forskrift for vass- og avløpsgebyr i Øygarden kommune.

TILKNYTINGSGEBYR

Tilknytingsgebyret blir fastsett slik:

Næringsbygg/bustad	Vatn	Avløp
Bustad/næringsbygg ≤ 75 m ²	3 750,-	3 750,-
Pr. m ² bruksareal (BRA) > 75 m ²	50,-	50,-

ÅRSGEBYR**Abonnementsgebyr**

Satsane for abonnementsgebyr er like for næringsbygg, bustader, hytter og naust samt andre bygg. Abonnementsgebyret er todelt og består av ein fast del og ein arealbasert del:

	Vatn	Avløp
Fast abonnementsgebyr pr. bueining/brukseining	600,-	2 500,-
Variabelt abonnementsgebyr pr. m ² (BRA) ¹	8,-	5,-

1) Dersom samla BRA på bygg på eigedommen er over 35 000 m² gis det 50 % reduksjon i einingsprisen for vatn og avløp på det overskytande areal.

Forbruksgebyr

Forbruksgebyret vert fastsett ved målt forbruk eller stipulert forbruk:

Ved målt forbruk = målt forbruk x einingspris

- Alle bygg til næringsformål eller offentlege formål skal ha vassmålar.
- Alle bustader, naust og fritidsbustader som har fått godkjent rammeløyve etter 01.01.2020, skal ha vassmålar.

	Vatn	Avløp
Einingspris kr/m ³	17,86	24,39

Ved stipulert forbruk:

- vert forbruket berekna til 1,2 m³ per m² bruksareal (BRA).
- vert det sett ei øvre grense på 180 kvadratmeter (BRA) pr bueining/brukseining.

	Vatn	Avløp
0–180 m ² (BRA) pr. bueining/brukseining	17,86	24,39

Døme:

Ein bustad på 120 m² vil etter stipulert forbruk måtte betale følgjande satsar:

	Vatn	Avløp
Fast abonnementsgebyr:	600,-	2 500,-
Variabelt abonnementsgebyr: 120 m ² x 8/5 kr/m ²	960,-	600,-

Stipulert forbruk:

(120 m ² x 1,2) x kr 17,86/24,39	2 571,84	3 512,16
Totalt	4 131,84	6 612,16

For slamavskiljarar som er knytte til det offentlege avløpsnettet, er tømmekostnaden inkludert i det årlege avløpsgebyret som går fram av dette gebyrregulativet.

Frammøtegebyr for avlesing av vassmålar

Dersom abonnentar unnlèt å lese av målareren i tråd med lokal forskrift, slik at kommunen må stå for avlesinga, må abonnenten betale eit gebyr på kr 250,- pr. gong pr. eigedom.

Gebyr for kontroll av vassmålar

Dersom abonnenten eller kommunen meiner det er nødvendig å kontrollere vassmålareren, må abonnenten betale eit kontrollgebyr på kr 250,- pr. gong pr. eigedom.

Gebyr for plombering, stenging, nyopning av vassforsyninga og mellombels tilknytning

Gebyret skal betalast dersom ein eigedom blir kopla frå offentleg vassleidning over lengre tid. Gebyret skal dekkje kostnadene kommunen/ØyVAR har ved stenging og nyopning av vassforsyning.

Gebyr ved stenging:	1 150,-
Gebyr ved opning:	1 150,-
Gebyr for mellombels tilknytning:	1 150,-

Gebyrreduksjon i medhald av reglane om prisavslag i forbrukarkjøpslova

Vilkåra for gebyrreduksjon går fram av forskrift for vass- og avløpsgebyr i Øygarden kommune. Årsgebyret skal reduserast med 0,3 % per påbegynte døgn utover det første døgn.